

## Wattn har lansert effektvarsling til alle sine straumkundar i heile Norge

Straumselskapet Wattn er ein av dei første i Norge til å lansere effektvarsling knytt til den nye nettleigemodellen. Tenesta lar deg sette ei grense for kva ditt høgaste timeforbruk skal vere, og gir deg push-varsel direkte på telefonen din når du er i ferd med å passere denne grensa. På denne måten kan du unngå å hamne på dei høgaste pristrinna hos netteigaren din.

- *«Tenesta har vore grundig testa av kundane våre over ein lengre periode, og vi går no breidt ut å oppfordrar alle til å ta det i bruk før kulden set inn og varmebehovet -og straumforbruket stig. Det handlar om å fordele straumforbruket utover dagen for å unngå «rushtida» på linjene. Med vår innovative teneste kan du sjølv gjere grep og fordele straumforbruket ditt for å sikre deg lågast mogeleg nettleige. Det er kjedeleg å få ei unødvendig stor rekning frå netteigar fordi du har satt på vaskemaskin og tørketrommel, samtidig som du lagar middag.»*, seier Christian Aasebø, leiar for produkt og tenesteutvikling.

### Også for dei utan sanntidsmåler

Det unike med Wattn sitt effektvarsel er at du kan aktivere det uavhengig av om du har sanntidsmålar eller ikkje. Wattn sender ut varsel neste dag til dei utan sanntidsmåling. Over tid lærer ein seg gode rutinar, og kan faktisk spare ein del pengar ved å følge med på om ein ligg under eller over grensa for neste pristrinn hos netteigar.

- *«Forbruksmønsteret på straum handlar ofte om gode rutinar og innsikt i eige forbruk. Vårt dagen-der-på varsel er nyttig for å sjå om du var uheldig ein enkelt time dagen før. Dei fleste netteigarar bereknar prisen på kapasitetsleddet ut frå gjennomsnittet av dei tre høgaste enkelttimane over tre ulike dagar. Dermed er det mogeleg å følge med og gjere tiltak for resten av månaden»*, seier Christian Aasebø.

### Analyse av forbruk og tydeleg visning av pris hos netteigar

Effektvarsel hos Wattn gir ikkje berre eit varsel. Det fortel deg kva din månadsmaks er så langt i månaden, kva straumen vil koste deg no og kva det kostar om du passerer neste grense. Uansett om du er ny eller eksisterande kunde hos Wattn, vil du få ei analyse over straumforbruket ditt 3 år tilbake i tid. Slik kan du få ei konkret anbefaling på kva grense du bør sette for effektvarsel. Enkelt og sytalaust.

- *«Eg har sjølv testa tenesta over ein lengre periode og fått fleire a-ha opplevingar knytt til eige forbruk»*, seier Christian Aasebø.

### Fleire smarte tenester på veg

Effektvarsling er berre ei av fleire smarte tenester Wattn har lansert sida oppstarten i november i fjor. I løpet av hausten kjem dei med fleire nyhende som skal kome kundane til gode i form av sparte straumkostnadar.

*«Eg kan seie sopass at det er berre å glede seg!»*, avsluttar Christian Aasebø.

**Vedlegg:****Om Wattn**

Straumselskapet Wattn er skapt og eigd av TAFJORD, Sogn og Fjordane Energi, Tussa, Sognekraft, Stryn og Vestlandsenergi. Wattn har framtidsretta produkt og tenester med fokus på smart teknologi og berekraft. Gjennom gode løysingar ynskjer vi å gi kundane betre innsikt og kontroll over kostnadar og forbruk. Wattn har 50 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Førde, Florø, Ørsta, Stryn, Vik i Sogn og Kvinnherad, og vil fortsette med å vere like lokale som tidlegare, berre med eit endå større kompetanseteam.

Det er selskapa som driv med rådgjeving og sal av straum i dei fire konserna som har slått seg saman. Dei resterande selskapa i dei fire konserna er ikkje omfatta av samarbeidet og vil halde fram som før.

**Kontaktinformasjon:**

Christian Aasebø, Leiar for produkt- og tenesteutvikling, Wattn AS

Telefon: 900 14 000

Epost: [christian.aasebo@wattn.no](mailto:christian.aasebo@wattn.no)